


Pressemelding 13. mai 2020

Informasjon om heimetenesta og koronasituasjonen



Pressemelding 13. mai 2020

Det er 12 tilsette i heimetenesta knytt til basen i Volda sentrum som har blitt testa. Heimebaserte tenester i Hornindal er ikkje berørt.

Vi forventar prøvesvar av dei tilsette som er testa 12. mai seint ettermiddag/kveld i dag, onsdag 13. mai. Det vil bli kalla inn til pressekonferanse i morgon 14. mai kl 11.00.

På grunn av karantene av mange tilsette i heimetenestene har vi hatt ein gjennomgang av oppdraga våre.

Det er gjort sjukepleiefaglege vurderingar av behova til brukarane våre. Dei som må ha teneste får det. Nokon av tenestemottakarane våre kan klare seg med telefonisk kontakt i staden for fysisk oppmøte. Der er også nokon der ein kan utsette eller avlyse oppdraget. Heimetenesta har hatt dialog med dei det gjeld og gjort egne avtalar om det.

Vi er naturlegvis spente på prøveresultata som kjem. Om nokon prøver av tilsette er positive, medfører det automatisk karantene på fleire enn dei som er i karantene no. Konsekvensen vil vere vi må vi gjere ytterlegare tiltak for å sikre nødvendige tenester til tenestemottakarane våre. Det betyr fortsatt streng prioritering av kven ein yter direkte teneste til. Det vil også bety at vi kanskje må flytte helsepersonell frå andre tenester til heimebaserte tenester eller nytte folk som har meldt seg til å bidra om behov. Dette vil vi fortløpande vurdere. Personellet i heimetenestene, som er i karantene, vil kunne bistå på fleire vis sjølv med avstand. Det er viktig for oss å understreke at tenestemottakarar som utifrå faglege vurderingar må ha teneste, skal få det.

Det er ein krevjande situasjon tenestene står i. Men ein må likevel berømme løysingsvilje, kreativitet og humør mellom dei tilsette.